**VAKSDAL KOMMUNE**

FINANSDEPARTEMENTET
0 1. OKT. 2004
Saksnr. 04/1847-231
Arkivnr.

Finansdepartementet
Skattelovavdelingen
Postboks 8008 Dep
0030 OSLO

| Vår ref. | Arkivkode | Dykkar ref. | Dato |
|---|---|---|---|
| 04/00736-006/AL | 020 &13 | | 29.09.2004 |

**MELDING OM VEDTAK - HØYRING OM SKATTEOPPKREVJARUTVALET SI UTGREIINGNOU 2004:12 BETRE SKATTEOPPKREVJING - UTTALE FRÅ VAKSDAL KOMMUNE**

Kommunestyret handsama i møte 27.09.2004 sak 0035/04.

Følgjande vedtak vart fatta:

Vaksdal kommunestyre vil støtta mindretalet i skatteoppkrevjarutvalget si utgreiing NOU 2004:12 Bedre skatteinnkreving - **om fortsatt kommunal skatteinnkrevjing.**

Vaksdal kommunestyre vil som moment i saka, og som støttar opp om kommunen sitt syn, uttala at;

- lokal skatteinnkrevjing gjev nærheit til brukarane med god brukarservice
- kommunal organisering av skatteinnkrevjinga gjev best resultat med høg løysingsgrad og god rettsikkerheit
- lokal skatteinnkrevjing ivaretek distriktspolitiske omsyn
- folkevalgt kontroll og innsyn vert ivareteke på ein god måte ved kommunal skatteinnkrevjing (skatteutval, kontrollutval og politisk handsaming av skatterekneskapen)
- det er viktig å ha "avstand", men likevel godt samarbeide, mellom likning og innkrevjing
- funksjonelle betringspunkt/-tiltak, jfr. punkta. 2.8.1 og 2.8.2 i samandraget, kan alle gjennomførast innanfor vidare kommunal organisering
- det er ikkje påvist økonomiske innsparingar ved eventuell statleg skatteinnkrevjing utover det som verbalt er nemnt som "stordriftsfordelar"
- ei omorganisering vil medføra overgangskostnader i ein startfase

eventuelle sparte utgifter for kommunane ved sentralisering vil i neste omgang verta trekt i statlege overføringar (rammetilskotet) til kommunane

Rett utskrift:

Øistein Søvik
Øistein Søvik
Rådmann

Postadresse:
Konsul Jebsensgt. 16
5722 DALEKVAM

Besøksadresse:
Konsul Jebsensgt. 16

Telefon sentralbord 56594400
Telefon saksbeh. 56594486
Telefaks 56594408